



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato  
03.11.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/11750 520  
Dykkar referanse

Meland kommune

### Varsel om forvaltningskontroll landbruk Meland kommune

Fylkesmannen varsler med dette om kontroll av landbruksforvaltninga i Meland kommune den 10. november 2016, med start klokka 10.00.

#### Bakgrunn

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for å sikre at dei statlege midla vert brukt og forvalta som føresett. Fylkesmannen kan utføre kontroll av forvaltninga i kommunen med utgangspunkt i §15 i reglement for økonomistyring i staten av 12.desember 2006, §9 i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket av 12.mai 1995, §12 i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket av 28.mai 2015, forskrift om planlegging og godkjening av landbruksveier av 1.juli 2015 og lov om forvaltning av natur mangfold (naturmangfoldloven) av 19.juni 2009.

#### Omfang av kontrollen

Kontrollen vil omfatte følgande ordningar:

- Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)
- Nybygging og ombygging av landbruksvegar
- Tilskot til skogkultur,
- Utbetaling frå skogfond,
- Tilskot til skogsvegar
- Tilskot til avløysing ved ferie og fritid.

#### Førebuingar

Før kontrollen ber vi om at kommunen gjer følgande førebuingar:

1. Definerer kontaktperson for gjennomføring av kontrollen.
2. Definerer kva personar frå kommunen som skal delta.
3. Sørgjer for at dokumenta i lista under er tilgjengeleg. Dokumenta skal være klare før kontrollen startar. Dersom dokumenta ligg i eit elektronisk arkiv, må Fylkesmannen få tilgang til arkivsystemet, og innføring i dette.
4. Har tilgjengeleg eit passande møterom for gjennomføring av kontrollen. Det må vere tilgang til internett på møterommet. Fylkesmannen stiller med tre representantar på denne kontrollen.

Dokument som skal vere tilgjengeleg:

- alle aktive søknader om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- søknader om nybygging og ombygging av landbruksvegar for 2014 og 2015
- søknader om tilskot til skogkultur for 2014 og 2015
- søknader om utbetaling fra skogfond for 2014 og 2015
- rekneskap for skogsvegar for 2014 og 2015

*Vi ber om at de gjev tilbakemelding på punkt 1-4 til kontolleiar Arild Spissøy etter at de har mottatt dette brevet, anten på epost [fmhoasp@fylkesmannen.no](mailto:fmhoasp@fylkesmannen.no) eller på telefon 55 57 21 98.*

Kontrollen av tilskot til avløysing ved ferie og fritid vert gjort ved at Fylkesmannen sender brev til dei føretaka som kommunen har kontrollert for ordninga ved søknadsomgangen januar 2016. Resultatet av denne delen vil vera klart til tidspunktet for den stadlege kontrollen. Dette kjem i den førebelse rapporten.

#### **Agenda for dagen:**

1. Innleiingsmøte med informasjon om formålet med kontrollen, grunnlaget og omfang.
2. Gjennomføring av undersøkinga.
  - a. Gjennomgang av dokumenter.
  - b. Intervju.
3. Avsluttande møte med oppsummering av funn.

Fylkesmannen oppfordrar til at leiinga i kommunen deltek på innleiingsmøte og avsluttande møte.

Ta kontakt med kontolleiar dersom det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Arild Spissøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Laila Bjørge